

Samtykkjeskjema

Bruk av kommunale biler



Fyresdal

Samtykkjeskjema for sporing/GPS i kommunale kjøretøy

Fyresdal kommune

1. Formål med sporing

Fyresdal kommune bruker elektronisk køyrebok og GPS-sporing for å:

- dokumentere tenestereiser
- sikre korrekt refusjon og rapportering
- optimalisere bilpark og ressursbruk
- etterleve miljø- og sikkerheitskrav

2. Kva slags data blir samla inn

Følgjande data vert registrert ved bruk av kommunale bilar:

- dato og klokkeslett for start/stopp
- posisjon (GPS-koordinatar)
- køyrelengd (km)
- føremål med reisa (dersom oppgitt)
- namn på førar (ved personleg tilknytning)

3. Juridisk grunnlag

Denne registreringa skjer med heimel i **samtykke**, jf. GDPR artikkel 6 nr. 1 bokstav a. Data vert behandla i tråd med personvernregelverket, og ikkje brukt til overvaking utanfor tenestetid.

4. Oppbevaring og tilgang

Data vert lagra i personalmappa i Elements og sletta etter tidlegast etter 3 år. Tilgang har berre autorisert personell i økonomi- og personaladministrasjon. Opplysningane vert ikkje delte med tredjepart utan lovleg grunnlag.

5. Rettane dine

Som registrert har du rett til:

- innsyn i kva data som er lagra om deg
- å be om retting eller sletting
- å trekke samtykket når som helst utan konsekvens for tilsetjingsforholdet

Ved spørsmål, kontakt kommunens hovudverneombod.

6. Samtykke

Eg samtykkjer til at Fyresdal kommune registrerer og behandlar data om mine tenestereiser i kommunale køyretøy ved bruk av GPS og elektronisk køyrebok, i samsvar med informasjonen over.

Namn: _____

Stilling: _____

Dato: _____

Underskrift: _____